



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 02.11.2016

**Sak nr.:** 15/8187-50

**Internt l.nr.** 37241/16

**Sak:** 112/16

**Tittel:** Strategisk plan for kysten - vedtak av planprogram

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan- og bygningslova § 8-3.
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet, inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.

**Endringsframlegg:**

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Tillegg i pkt 4.2.4:

Tilføyning under punktet «Korleis»: « ...inkl. havromsteknologi»

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Nytt punkt:

FU vil særleg peike på at planen bør utarbeide strategiar for viktige fellesutfordringar og grenseoverskridande tiltak hos kystkommunane. Td. Tema som bustad- og næringspolitikk i 100-metersbeltet, samferdsel, sambindingsveggar, mobil-og breidbandsdekking.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Nytt punkt:

Kystverket og Statens vegvesen må vere representert i referansegruppa.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet om tillegg i pkt. 4.2.4 vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med vedteken endring, vart samrøystes vedteke. Framlegga frå Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Planprogram for Strategisk plan for kysten 2018-2029 for Sogn og Fjordane vert vedteke, jf. plan- og bygningslova § 8-3, med slik endring i pkt. 4.2.4: Tilføyning under punktet «Korleis»: « ...inkl. havromsteknologi».
2. Det vidare arbeidet vert organisert i samsvar med fylkesrådmannen si saksframstilling.
3. Fylkesrådmannen får vidare i oppgåve å omforeine finansieringa av planarbeidet med alle kommunane etter vedtak av planprogrammet, inkl. det å få på plass ein prosjektleiar.

4. Fylkesutvalet vil særleg peike på at planen bør utarbeide strategiar for viktige fellesutfordringa og grenseoverskridande tiltak hos kystkommunane. T.d.: Tema som bustad- og næringspolitikk i 100-metersbeltet, samferdsel, sambindingsvegar, mobil-og breidbandsdekking.
5. Kystverket og Statens vegvesen må vere representert i referansegruppa.